

# HYRDINGEN

NR. 2

April 2014

ÅRGANG 56

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



## Gledelig PÅSKA



*Anne Lise og Lene lagar stort korprosjekt i Vindafjord. Sjå side 4.*

### Sideoversikt

Presten har ordet .....	2
Miniprofil: Curt Westermann .....	3
Korprosjektet for alle aldrar .....	4
Barnekonsert i Skjold kyrkje .....	5
Barnas side .....	5

Portrett: Gunnvor og Oskar Feed .....	6
Frå åtte til seks sokn i Vindafjord?.....	7
Måleri av Odd Inge Næsheim .....	8
Eldretreff på Sandeid .....	9
Noregs grunnlov - 200 år, Vats .....	9
Planlegg fellesmøte i Ølen kyrkje .....	10

Kyrkjelydstur til Israel .....	10
Forening markerer 100 år .....	11
Konfirmantar 2014 .....	13
Gudstenester og møter .....	14
Dåpskulen .....	16
Ei familiegudsteneste innehold så mangt	16



#### **HYRDINGEN:**

Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no

Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3201.53.18049

Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,  
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

#### **SOKNEPRESTANE:**

##### **Soknepresten i Ølen**

Johannes Nedrelid, Eiotunet,  
Pb. 60, 5588 Ølen

Tlf. 53 65 65 41 Faks 53 76 72 00  
Privat 53 76 86 22

Epost: johannes.nedrelid@  
vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12  
ons kl. 12.30-14

##### **Soknepresten i Skjold**

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje, Pb. 6,  
5574 Skjold. Fax: 52 76 73 89  
Tlf. 53 65 57 94

Mobil: 932 45 645

jon.adnøy@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Marit Hegrenes  
Tlf. 53 65 57 96

##### **Soknepresten i Vikedal**

Harald Eintveit, Kommunehuset,  
Pb. 40, 5583 Vikedal.  
Mobil 413 25 280

harald.eintveit@vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

##### **Kateket Britt Karstensen**

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80

britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

##### **Organistar:**

Juri Kotkovitch: 416 46 183

Nelly Kotkovitch: 948 23 044

##### **Haugaland Prosti:**

Pb. 612, 5501 Haugesund

Tlf 52 80 95 00

Prost Norodd Stavenjord

Mobil: 97 76 57 18

##### **Prostiprest Einar Andreassen:**

Mobil: 971 08 788

##### **Kyrkjeverja i Vindafjord:**

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje

Tlf. 53 65 57 93

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

##### **Soknerådsleiarar:**

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vikedal: Herdis Pedersen

Sandeid: Rakel Årak

Vats: Arild Urdal

Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug

Bjoa: Trond Ove Alvseike

Vikebygd: Brit Nelly Tveit

Skjold: Ottar Krakk

# **Presten har Ordet**

## **Livet vant!**

• Påskebodskapen talar både om døds og livskreftene, men påskedagen sin bodskap er at livet vant. Bror Roger, grunnleggjar av det økumeniske fellesskapet i Taizé i Frankrike, seier ein stad at med Jesus sine ord på krossen langfredag og oppstoda på påskedagen skjer der noko heilt radialt nytt.

• Det vonde er brent bort, stenglene som var der er borte, og tilgjevinga frå Jesus lyser mot alle menneske. Bror Roger blei aldri trøytt av å fortelle dette til dei mange tusen unge som kom til Taizé.

• Livet vant – fortel at der er tilgjeving i dag og. Vi feilar og bommar, men Jesus møter med tilgjeving når vi kjem til han. Vi får starte med blanke ark og far gestifter til slik Prøysen skrev det i visa si. Tydelegast får vi ta i mot denne tilgjevinga i nattverden. Heilt konkret tek vi i mot tilgjeving ved å ete brødet og drikke vinen.

• Livet vant- fortel om vårt forhold til kvarandre. Som Jesus tilgir oss ønsker han at vi skal lære av han og møte dei rundt oss med tilgjeving når dei kjem og ber om det, på same måten som vi ber om tilgjeving når vi har såra andre. Det er ofte ikkje enkelt. Men Jesus ber oss om å lære av han litt etter litt. Martin Lønnebo, pensjonert biskop, brukar eit fint bilet på det. Han fortel at han ein gong fekk eit gamalt, sprukkent og skittent ikon. Det hadde ingen stor verdi, men biskopen hadde ein venn som var konserver, ein som stelte og ordna gamle ting ved museet. Han pussa og limte og ordna ikonet, så det etter kvart blei eit fint og

reint ikon. Biskop Martin Lønnebo brukar dette ikonet som eit bilde på oss, vi er ikkje alltid like perfekte, men når heilaganden, konservatoren, får stelle med oss og lære oss Jesu sitt ønske så kan vi litt etter litt lære av han og vise det mellom dei vi er saman med. Vi blir aldri som originalen, men vi kan likna han meir og meir.

• Livet vant – fortel om håp. Det talar om alltid å vere hos Gud, også når livet tek slutt. Det vi kallar evig liv. I konfirmantboka vi brukar står der ei fin lita novelle om håpet, der to tvillingar ligg og fantaserer i magen til mora. Der var trygt og godt, men så merka dei at dei forandra seg. Kanskje fødselen snart nærmar seg ? Dei har aldri sett mora. Kanskje var ho berre fantasi? Korleis skulle dei overleve utan næring frå nav-



**Johannes Nedrelid**

**„Livet vant - fortel om håp. Det talar om alltid å vere hos Gud, også når livet tek slutt.**

lestrenget? Bekymringane for fødelsen var mange. Men så kom dagen då dei såg lyset for første gong, då kunne dei ikkje la vere å gråte, for verda utanfor var større og vakrare enn dei nokon gong kunne ha tenkt seg.

Kanskje har du og frykt for det som skal kome. Livet vant- fortel at vegen er open, slik Salme 121 seier: **Herren skal vere din utgang og din inngang frå no og til evig tid.**

## **Rekordresultat for Indremisjonsbasaren i Ølensvåg**

• Det vart rekord for den årlege Indremisjonsbasaren i Vågen den 19.03 med eit resultat på heile 39.500 kroner. Det var seld lodd i Ølen og Vågen på førehand og mange av bygdefolket slutta godt opp på sjølve basaren. Ingfrid Byrkja Hystad

hadde andakt og la vekt på at frelsa er gratis og at dette evangeliet må ut til folket vårt. Anne Lise Brekke Lien song.

*Foreininga takkar hjarteleg alle som støtta arbeidet.*

Av Steinar Skartland

Eg vil få ønskja deg gledeleg påske. For mange er dette ei tid då dei skal på hytta. Gå på ski. Vere ute og saman med familién. Men er påsken for deg meir enn ein ferie? Kvifor feirar vi denne kristne høgtida. I kyrkjene våre vil forkynning og innhald fylgje Jesus gjennom hans siste påske som menneske. Frå jubelropa palmesøndag, gjennom Jesus som døydde på krossen for oss, til ny jubel i songane: "Oppstått er Jesus, Hurra, Hurra! Han lever, Han lever, Han lever i dag," eller den tradisjonelle: "Påskemorgen slukker sorgen." Mange er aktive med song og musikk i bygdene våre, noko vi også presenterer for deg i dette nummeret av Hyrdingen. Noko også du kan få bli med på.

Palmesøndag blir det friluftsgudsteneste på Fjellstøl i Sandeid. Høve til å kombinere friluftsliv, påskebodskap og song. På side 14 kan du sjå oversikt over kor det er gudstenester i påska. Kan det passa for deg å bli med i songen og samværet på ei av desse?

Fleire sokn har den seinare tid drøfta å finna tettare samarbeid og kanskje samanslåing av sokneråd. Bjoa og Ølen vurderer dette og på same måte Vikebygd og Skjold. I april og mai står soknemøte for døra i fire bygder. Her skal folket i bygdene få seia si meining og røysta over framlegga. Noko du bør delta i.

Ikkje alle kan seia orda gledeleg påske. Tunge tankar, sorg over familiemedlemmer som er gått bort eller einsemd. Kanskje kan du bety noko for dei. Ta tid til å vera ein ven. Ei hjelp for nokon til å oppleva ein gledeleg påske?

## Kristi Tornekrone:


Stoveplanta Euphorbia milii, frå Madagaskar, er også kalla: Kristi tornekrone. Den har skarlagenraude blomar som minner om bloddråpar og leier tankane til tornekrona Jesus fekk på hovudet. Piggane fekk fram smerte og bloddråpar på Jesus.

Les meir på [www.hyrdingen.no](http://www.hyrdingen.no)



# Miniprofil

## Straffedømt ungdom møtte Gud og vart predikant



"Då høyrdé eg Herrens røyst. Han sa: «Kven skal eg senda, og kven vil gå for oss?»"

Det første han måtte gjøre etter dette var å bli fri frå kontrakten med folkeparkane. Så fekk han god hjelp og rettleiing i Frelsesarmeén den første tida.

### EIT VARIERT LIV SOM GUDS SENDEBOD

For å gjøre historia kort: Kurt Westmann vart gift med ei norsk kvinne og busette seg i Norge. Han bur no i Stokke i Vestfold. Dei har 4 vaksne barn. Han har hatt eit aktivt liv som forkynnar i ulike samanhengar. Han var i den evangeliske Fosterlandsstiftelsen, i Norea Sverige der han har talt inn meir enn 1000 andaktar. Han har også vore tilsett i Misjonssambandet i Norge. I 8 år var han leiar for organisasjonen Opne dører (Open doors) i Skandinavia. Han var sjølv mykje på reise og smugla Biblar inn i kommunistiske land som prøvde å stenge ute Bibelen.

"Då høyrdé eg Herrens røyst.  
Han sa: «Kven skal eg senda, og  
kven vil gå for oss?»"

Etter kvart kom han i kontakt med den lutherske kyrkja i Slovakia, og det har si-

dan blitt ein viktig del av engasjementet hans. Han ser med optimisme og glede på at ungdom i Slovakia er gripne av Kristus og ønskjer å gjøre han kjent der. Han deltar i bibelkurs og konferansar der nede og er ein viktig kontaktperson for den skandinaviske organisasjonen som arbeider for å støtte kristne i Slovakia. Kvar sommar i tjue år har han organiserert ein kombinert ferietur og bibelleir i Slovakia for folk frå Norge og dei andre skandinaviske landa.

### RIKE BIBELTIMAR PÅ BEDEHUSET

Det var mange som sette pris på at denne forkynnaren tok seg tid til å kome til Vågen bedehus der heldt bibeltimar og delte sine personlege erfaringar som kristen. Mellom 40 og 60 var samla på kvart møte, og på generasjonssamlinga laurdag kveld var det nesten trengsel i bedehuset.

# *Korprosjektet for alle aldrar*

## ***"DU ER GULL VERDT!"***

**Av: Steinar Skartland**

**To glade damer i Vindafjord har teke initiativet til å starta eit kor for alle aldrar. Anne Lise Brekke Lien og Lene Bjerga fortel at dei satsar på enkel vansklegheitsgrad, gospelrepertoar for alle. I tillegg er det eige tilpassa songrepertoar for borna.**

Den fyrste fellesøvinga var laurdag 15. februar. Då møtte det opp ca 10 stk med smått og stort. – Det var ein fin gjeng, og me kom godt i gang, fortel Anne Lise.

- Me fekk besök av ein journalist frå Grannar som laga ein fin reportasje om prosjektet. Seinare har me hatt ei øving 8. og 15. mars. Då møtte det fem fleire, m.a. to menn. Det er flott at også mannsstemmer kan runge i ”koret for alle.”

**Øvingar på Ølen kulturhus vidare denne våren: 12. april, 3. mai og 7. juni.**

-Me held på frå kl 16:00 – 18:00 på Ølen kulturhus, fortel Anne Lise. -Då har me også ein god pause med noko å bita i og den sosiale drøsen får sin plass der. Det møtte tre barn sist, så dermed blei det hovudvekt på gospelrepertoaret. Der klarar klarer borna seg godt på enkelte songar som: ”He’s got the whole world” og ”This little light of mine.” Dei er jo fengande med både engelsk og norsk tekst og borna syng med både på mange av songane og kora i gospelrepertoaret.

### **18 born møtte i Vikebygd**

Born frå Vikebygd og Bjoa skule er med og over til ein konsert 15. juni. -Det har vore kjempebra oppmøte til fleire på Vikebygd skule, fortel Lene og Anne Lise. -Her har det møtt 18 born dei gongene koret har hatt øvingar. Neste øving her vert i Munabygget den 30. april, kl 12:30.

På Bjoa skule er det ei mindre gruppe, men også der er det liv laga for å øva til konserten i juni. Her skal dei ha øving 23.

april kl 11:00 til 12:30. Då er det berre å møta fram for dei som vil vera med og syngja. - Dei som er med på korprosjektet for Bjoa og Vikebygd skal få invitasjon om å møte til fellesøvinga på Ølen kulturhus den 3. mai og 7. juni. Slik skal det bli eit stort kor til slutt.

### **Anne Lise og gitaren møtte ungdomen**

Anne Lise har teke med seg gitaren til både Feedbackhuset i Ølen og Loftet ungdomsklubb i Vågen. Her har songane ”Fri vilje,” ”Livets labyrinth” og ”Thomas song” lydd blant ungdom. -Eg håpar at litt

-Pga kollisjon med andre arrangement kunne ikkje så mange kormedlemmer delta på basaren, men dei borna som var der saman med Helene Paulsen, song barnesongar, fortel Anne Lise og legg til: -Leif Rørtveit spela på trekkspel til nokre allsongar og 3 gospellåtar, til eit lydhørt publikum. Han sørde også for fin bakgrunnsmusikk mens drøsen gjekk over kaffikoppiane. Ingen gjekk tomhendt heim frå basaren. Borna fekk sjokolade og dei vaksne som ikkje vann, fekk kvar si lyngplante. Totalt kom inn kr 5000. Det trengst for å dekke noko av kostnadane med konserten i juni, både til lydmann og leige av kulturhuset. Anne Lise fortel at ho også har levert søknad til kommunen om kulturtakot og håpar kommunen slik kan gi et økonomisk handtrykk til korprosjektet.

Skulle leserane av Hyrdingen ha lyst å støtta korprosjektet med nokre kroner så kan dei ta kontakt på heimesida: anne-lise-brekke.net. Der er meir informasjon.

Anne Lise vil gjerne rette ein stor takk til Granbergfabrikkane, Tveit Maskin og Berge Sag, som så langt har støtta prosjektet med annonsering i Grannar.

### **Det er ennå tid å bli med!**

Skulle det vera nokre songfuglar som ønskjer å vera med på korprosjektet på tampen, så er det øving 3. mai og 7. juni kl 16:00 på Ølen kulturhus. Det er lett vansklegheitsgrad, så med litt innsats kan det ennå gå å øva inn repertoaret.

### **Song og bønnegruppe på Vågen bedehus**

-Vi prøver i tillegg å få til samling med song og bøn på Vågen bedehus, fredagar frå kl 12:30, fortel Anne Lise og legg til: -Du er hjarteleg velkommen - om det passer for deg då.

For spørsmål kan ein kontakte korprosjektleiar Anne Lise Brekke Lien på telefon 922 66 789

Eller finne informasjon på heimesida: anne-lise-brekke.net

# BARNAS -SIDE


## Fargelegg

Fargelegg Jesus og læresveinane på veg til Emmaus!



## Prikk til prikk

Teikne ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?



## Finn fem feil

Dei to biletene er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikningar: Faye Simms



## Barnekonsert i Skjold kyrkje

Torsdag 24. april kl. 17.30 har Skjold og Vats barnekor fått med seg songaren, musikaren, gjøglaren og forkynnaren Thore Tommasen i arrangement av ein barnekonsert.

Her vil både born, foreldre, bestefor-

ldre, tanter eller onklar, ja, alle som kjem, oppleva glad barnekormusikk ispedd humor kombinert med alvor.

Konserten er gratis for born medan dei vaksne må ut med ein liten slant.

Set av kvelden – for alt no er det lov å byrja gle seg både for born og vaksne.



# PORTRETTE

## *Gunvor og Oskar Feed*

Av: Jens Tveit

**Ofte er det ein einskild person Hyr-  
dingen har slege av ein drøs med, men  
denne gongen er det ekteparet Gunn-  
vor og Oskar Feed som tek imot besøk  
i den unelege heimen i Ølensvåg.**

Praten går lett, og det er forunderleg så mange liknande sider me finn hos desse to. Kort kan me rekna opp fylgjande: Gunvor er fødd i 1947 på Eio i Ølen. Ho vaks opp på gard, og som eldst av 6 sysken fall det naturleg at ho fekk stort ansvar for mykle gardsarbeid. Ho fortel at som ganske ung forhausta ho heile garden heime pluss nabogarden. - Etter framhaldsskule og realskule bar det til Landsgymnaset på Bryne.

Oskar er også fødd i 1947 - på gard i Sirdal. Han var nr. 2 av 4 gutter, og vel van med gardsarbeid. Etter 2-årig framhaldsskule bar det til Landsgymnaset på Bryne.

Der møttest desse to, og om Gunvor drog til Levanger på lærarskule, og Oskar tok lærarskulen i Stavanger, så heldt dei kontakten

### Vart med i kristent arbeid

Gunvor fortel at i konfirmasjonstida vaks det fram ei avgjerd hos henne. Ho hadde sin åndelege heim i det kristne skulelaget både i Ølen, på Bryne og seinare i studietida.

«Eg vaks opp i ein kristen heim», fortel Oskar, «men det var 5 km til Tonstad, nærmeste plassen for lagsarbeid, og det var for langt borte. Men dei kristne skulelagene på gymnaset og lærarskulene vart naturlege stader å vera med i, og eit klårt standpunkt vaks fram».

«Me valde rett – Ølensvåg har vore ein god stad å bu»

Først budde familien ei tid på Sotra, men etter nokre år der, såg dei at det var viktig å velja ein stad å slå seg ned slik at borna kunne få ein stad «der dei høyrde heime» og der dei hadde familie i nærleiken. Valet stod mellom Sirdal og Ølen.

«Me valde rett!» seier begge, nærmast i kor. «Ølensvåg har vore ein god stad å bu-setja seg. Folket tok godt imot oss, og det

å få arbeida i skulen her i Ølensvåg har gitt oss mange gleder og utfordringar.

Medan Gunvor var lærar og har fylgt mange elevar i årrekker, har Oskar vore rektor på same staden mest heile tida

«Bygdefolket, som me har fått delt så mykke med, både i møte med foreldra til elevane og samarbeid i mange andre oppgåver og utfordringar, har gitt rike minne, og mange gode vener».



*Oskar og Gunvor Feed.*

### Naturleg å ta del i arbeidet i kyrkja og bedehuset

Me menneske er utrusta på forskjellig vis. Det gjeld å bruka naturgåvene og nådegåvene ein har fått, og både Gunvor og Oskar har funne det naturleg å ta del i arbeidet i kyrkja og bedehuset.

Oskar har vore i soknerådet i fleire periodar, og Gunvor har også vore med, spesielt har diakoniarbeidet vore viktig. Då nemner ho særleg besöksteneste og torsdagstreffet på kyrkjeturnet i Ølen.

Når det gjeld Vågen bedehus har begge vore styremedlemmer i lang tid, og Oskar har vore leiar i mange år.

Alt medan dei var på Sotra, var Oskar med i yngres-arbeidet der, og etter at dei kom til Vågen, har han drive same arbeidet her – til saman over 40 år i yngres! Generasjonssamlingane på bedehuset var Oskar med å starta for 30 år sidan Kvinneforeingsarbeidet har også vore viktig for Gunvor

Begge to har og vore svært aktive i Indremisjonssamskipnaden. Gunvor var med i styret der i 9 år. Oskar har vore styremedlem i ein lang periode, og leiar for organisasjonen i fleire år. Han har og

vore med i strategiutval, og ei rekke år i styret for leirstaden Brandøy.

### Familie, avkoppling og fritid

Ein kan undra om eit så engasjert par som Gunvor og Oskar har tid til familie og fritid? - Gunvor slappar av med hagearbeid, handarbeid, litt pianospel og tur i skog og mark. Ho likar å trykka på kaffifitaktaren og serverer gjerne ein kaffikopp til dei som stikk innom. Ein prat gjer livet rikare!

Oskar nyt stunder ved ein knurrande dreiebenk der han tryllar fram skåler og anna. Og så legg han til: «Men nå går det med vedhogst!»

Dei har 5 born, 5 svigerborn og 12 barneborn som bur forskjellige stadar. Kjekt er det at den eine sonen arbeider i Ølen. Dei kan nå dei ymse familiene på dagstur, men set helst av ei helg til besøk hos dei forskjellige.

I Sirdal har dei ei hytte med enkel standard (utan innlagt straum eller vatn). Denne hytta var lenge samlingspunktet for familien, men etter foreldra til Oskar døydde, har Ølensvåg vore staden borna med familiene kjem til.

Nå er begge blitt pensjonistar og er glade for at dei framleis kan få vera med i ulike samanhengar, i tillegg til å ha ein open heim der mange stikk innom.

Gunvor og Oskar ynskjer å dela ein song dei set høgt med lesarane:

*Navnet Jesus blekner aldri,  
tærer ei av tidens tann.  
Navnet Jesus det er evig,  
ingen det utslette kan.*

*Det har bud til unge, gamle,  
skyter stadig friske skudd.  
Det har evnen til å frelse  
alle sjeler inn til Gud.*

*Navnet Jesus må jeg elske,  
det har satt min sjel i brann.  
Ved det navnet fant jeg frelse,  
intet annet frelse kan*

# *Frå åtte til seks sokn i Vindafjord?*

Av Øyvind Valen



*Vikebygd kyrkje. Soknerådet drøftar samanslåing med Skjold.*

Fellesmøtet for alle sokneråda sette i 2012 ned ei gruppe som skulle vurdera om det kunne vera tenleg med samanslåingar av sokn i kommunen. Dei undersøkte og vurderte, og alle sokneråda har i etterkant handsama spørsmålet.

Sokneråda i Bjoa og Ølen, og sokneråda i Vikebygd og Skjold, har vedteke at dei vil gå vidare i eit formalisert samarbeid. I april og mai er soknemøta i desse fire sokna invitert til å bestemma om sokna skal søkja om ei forsøksordning kor Vikebygd/Skjold og Bjoa/Ølen har felles sokneråd i perioden 2016-2020. Det ligg då i korta at dersom forsøket blir vurdert som vellukka søker ein om samanslåing av sokna frå 2020, men dette blir det nye soknemøte som avgjer i 2019.

Når sokneråda går inn for dette så er det i erkjenning av at det kan vera fornuftig å samkøyra administrativt arbeid og at det ikkje alltid er like lett å få gjort alle oppgåvene i små sokn. Vindafjord har i dag åtte sokn, det same som Karmøy med sine 40.000 innbyggjarar har, Haugesund har til samanlikning tre sokn. Det er mange oppgåver som skal utførast, og berre det

å ha nok viljuge folk som vil stilla til val i råda har nokre gonger vore vanskeleg.

Sokneråda planlegg dette slik at ein samordnar ulike administrative oppgåver, ein planlegg også å samordna og planleggå dåpsopplæringstiltak saman, men gjennomföra desse i kvar bygd. Det kan også vera aktuelt at sokneråda har undergrupper som har eit særleg ansvar for kvart kyrkjebygg og kyrkjegard, sjølv om dette er fellesrådet sitt ansvar.

Det er viktig å få fram at det ikkje blir endring i talet på gudstenester i kvar kyrkje med denne endringa, det blir planlagt slik at det framleis skal vera dei gudstenestene som det er i dag. Sokneråda har også klare forventningar om at dei lokale tradisjonane som er i gudstenestelivet skal takast vare på og fortsetja.

Reint praktisk søker ein om ei forsøksordning kor kvart sokn ved valet i 2015 vel sine representantar til eit felles sokneråd, 3 frå Bjoa og 5 frå Ølen i deira sokneråd, 3 frå Vikebygd og 5 frå Skjold i deira sokneråd. (Skulle dette vere ei fast ordning med eit sokn, ville det ikkje vere høve til å stilla lister som berre medlem-

mene i eit geografisk område kunne stemma på.) Heile perioden driv ein så som eit sokneråd, og med dei underkomiteane som soknerådet finn fornuftig. Det vil i perioden vera felles økonomi og felles soknerådsleiar. Korleis dette er tenkt reint praktisk vil sokneråda orientera om på soknemøta som blir på desse tidspunkta:

Skjold	Skjold kyrkje	6. mai kl 20:00
Vikebygd	Vikebygd kyrkje	29. april kl 19:30
Bjoa	Bjoa kyrkje	22. april kl 19:30
Ølen	18. mai etter gudstenesta	

Det blir også på desse møta sjølve avstemminga vil skje, og spørsmålet vil då vera:

*Skal Vikebygd (evt. ei av dei andre tre) sokn søkja om forsøksordning kor Vikebygd (evt...) og Skjold (evt....) sokn blir leia av eit felles sokneråd i neste valperiode?*

**Sokneråda oppmodar medlemmene i kyrkja til å møta opp på soknemøtet!**

# Livsens Von

## Måla i 1956 av Odd Inge Næsheim (1924 – 1991)

Av: Steinar Skartland

Ekteparet Magnhild og Ivar Orgland kjøpte måleriet "Livsens Von" på auksjon etter at vikebuen og kunstnaren Odd Inge Næsheim, døde i 1991. Dei ga dette i gave til Vikebygd kyrkje, der det heng i våpenhuset. Måleriet har stor bruk av kristen symbolikk og er mest ein andakt i seg sjølv for den som tek seg tid til å studera dette nærrare.

### Frå mørkret til ljoset

Fleire element i måleriet inneheld kjend symbolikk innan kyrkjekunst. Biletet er ikkje identisk med landskap og bygg, men han har nyttet elementa fra naturen i Vikebygd. På kyrkjebygget ser ein t.d. berre tårnet, og det er vendt mot sjøen med inngangen gjennom tårfoten. Likevel kjenner vi igjen den kvite murkyrkja vår og fjella i bakgrunnen. Fjella er det stødige og faste, men kyrkjetårnet strekkjer seg høgt opp mot Himmelen og Gud. Ein farge som går igjen i biletet er grønt, som er den kyrkelege fargen som symboliserer vekst og liv.

I høgre side av biletet er det tungt. Ei mørkredd kvinne ligg på kne med hendene føre andletet, tydelig i grått eller sorg. Kjolen har flekker. Tilskitna. Her står også eit lite, fattigsleg hus som synet kvardagen og slitet. Det er eit motstykke til den kvite og ljose kyrkja til venstre i biletet.

Nærast kyrkja står ei anna kvinne i ljose, glade fargar og plukkar roser. Fargen på kjolen er gul, ein farge vi lett knyter til sola og ljuset, det glade og varmande. Mellom dei ei tredje kvinne som ringjer

med ei klokke og kallar folk frå den mørke kvardagen til ljuset og gleda i kyrkja. Klokker har vore nytta opp gjennom tideine til å kalla folk saman til bøn og gudssteneste. Både kvinnene, kyrkjetårnet og trea og er høge og smale. Dei strekkjer seg opp mot Himmelen og mot Gud.

frå kyrkja, set dei bøygde og triste. I andre enden, næraast kyrkja, ser vi ei mor med eit barn på fanget. Lyst hår og vindkande hender fortel om eit barn i glede og leik. Det står ein person midt i båten og held ei åre. Det kan vera at denne eine åra er å sjå på som ei styreåre, medan båten vert ført av vinden som er den Heilage Ande. Rundt hovudet er det som ein skugge. Kanskje langt, mørkt hår, eller som ein glorie. I kyrkeleg tradisjon er det vanleg å sjå på menneska i båten som mannskap, og der Jesus er kapteinen som styrer båten.



### Kyrkjebåten

På fjorden kjem kyrkjebåten. Frå det mørke i høgre side av biletet, mot det ljose og kyrkja i venstre side. Kyrkjebåt eller kyrkjeskip er ein sterkt symbolikk med lange tradisjonar. Stamnen vender her mot kyrkja. På same måte som kyrkjeskip som heng i ein del kyrkjer har stamnen mot alteret. Eit bilet på kyrkjelyden som seglar gjennom verda, på veg mot Gud og ljuset. Oppi båten ser vi folk i alle aldrar. Bakarst, lengst borte

I båten er det også ein geitebukk, mellom kapteinen og menneska i den ljose enden av båten. Geitebukk er gammalt symbol både frå Jødisk og kristen tradisjon: Syndebukken er et symbol på Kristi forsoning, beskrevet ved tenesta i heilagdomen i det gamle testamentet. Gud befalte ofringar av dyr for at illustrera konsekvensane av synd og for å visa at Guds lam skulle bera menneska sine synder og døy for å berga dei.

### Vegen

Vegen frå sjøen og opp til kyrkja startar ved ein liten busk eller tre, midt i vegen. Levande spirer, symbolet pålivet som veks fram. Det er raude blomar på greinene. Noko som kan assosierast med bloddropene frå Jesu tornekrona. Soninga av våre synder. Vegen går opp mot kyrkjedøra. Bibelen talar om å gå inn gjennom døra, og Jesus seier: "Eg er døra." Men vegen går også vidare, bøyer av mot det mørke og tunge. For den som ikkje går inn gjennom døra, men vel å gå utanom.

# Eldretreff på Sandeid 12. mars

Av Jolaug Kaldheim

Konfirmantane i Imsland, Vikedal og Sandeid kunne i år velja mellom fire grupper: Friluft, Ungdomsgruppa i klubben, Form og farge og Diakoni. Diakonigruppa tok del i eit eldretreff på Sandeid bedehus 12. mars. Treffet byrja kl 16.00 og vart gildt og koseleg både for pensjonistane og konfirmantane.

Ein hadde fått lensmann Ingvard Gjerde til å kåsera om polititenesta. Han fortalte om alt politiet kunne koma borti på helgevakter og elles. Det var alt frå fami-

liegleder til sorg og vold og rus.

Han åtvarta konfirmantane spesielt mot rus og mopedkjøring og tok opp dette med alt for mykje alkoholbruk mellom unge på festivalane.

Han ville likevel rå dei unge til å søkja politi-utdanning. Det var eit variert og givande yrke.

Rigmor Steinsnes og Erik Grønnestad snakka om si konfirmasjonstid. Dei måtte sykla frå Sandeid til Vikedal for konfirmantundervisning. Til konfirmasjons-

dagen måtte Rigmor ha to kjolar, ein kvit for konfirmasjonen og ein «annandagjkjole». Erik fekk seg dress og hatt. Når det galdt gåver, fekk begge sølvskieier, og Rigmor fekk klokke og smykker.

Det var andakt ved Anne Marie Reimers, fin song av Marlen Rødne og allsong. Konfirmantane var med på servering og loddsal.

*Diakoniutvalet for Sandeid, Vikedal og Imsland.*



Marlen Rødne spelte og song. Johannes, Cruys og Ståle hører på.



Konfirmantane presenterte seg. Her Thea, Dina og Marlen saman med soknerådsleiar Rakel Årak.



Konfirmantane er frå venstre Marlen, Thea, Thomas, Sverre og Johannes Cruys  
Lensmann Ingvard Gjerde snakka om politiyrket.

## Noregs grunnlov - 200 år

I den forbindelse ønskjer soknerådet i Vats å invitere til jubileumsfeiring i Vats kyrkje søndag 25. mai kl 19:00

Ut frå 6. vers i fedrelandssalmen vår:

«Vil Gud ikkje vera bygningsmann, me fåfengt på huset byggja....»  
Lokale utsendingar til Eidsvoll vil bli markert. Likeså «17.mai steinen» frå 1864 i Skjold. Største innslaget blir fellessong av våre nasjonalsalmar og songar, - og å få fram den verdi songane har hatt i vår nasjonsbygging.

Programmet blir presentert av Odd Jan Hagen og Per Egil Meling.  
Kollekt til nytt Sokne-Bedehus i Vats ved utgangen.



## Via dolorosa - lidelsens vei

«Tunge , lat din lovesong prisa  
Herrens ærefulle strid,  
lat han høgt med jubel hylla  
sigersmerket, krossens tre,  
lova verdsens etterløysar,  
han som sigrar ved å døy!

NS 75 147 v.1

Slik startar salmekvelden i pasjonstida i **Vats kyrkje onsdag 16. april 2014 kl. 19:00**

Salmekvelden vert avslutta med «Jesu 7 ord på korset» av Knut Nystedt. Det blir lysslukking etter kvart av dei 7 orda (sitata).

Motetten blir avslutta med orda:  
Gi oss din fred o Herre Jesus!

Ledsagere på pasjonsvandringa blir Odd Jan Hagen og Per Egil Meling.

# Planlegg fellesmøte i Ølen kyrkje!

Av Håvard Brekkå

Ein felleskomité med representantar frå kristne grupper i området planlegg to veker med fellesmøte i Ølen kyrkje i vekene 44 og 45 (28.okt.-2.nov.). Songevangelist Per Tveten og forkynnar Magne Birkedal (begge frå NLM) blir med desse vekene.



Me håpar og ber om ei fin tid der me som kristenfolk står saman om å invitera bygdefolk til fellesskap med Jesus og til fine møtekveldar saman i kyrkja. Me planlegg mykje song og musikk. Per Tveten syng og sjølv, og han har gjeve ut fleire CD-plater, m.a. saman med kona Kathrine.

Me treng frivillige som kan vera med i ulike oppgåver både før og under møta (mat, teknikk, møtevert, forbøn m.m.). Ta gjerne kontakt med leiinga i den arrangørgruppa du hører til i viss du kan delta. Ver gjerne med og be for desse møta!



## Kyrkjelydstur til Israel og dei palestinske områda 5. - 15. oktober 2014

Av: Johannes Nedreli

Vi minner om kyrkjelydsturen til Israel og dei palestinske områda. Der er framleis god plass. Ønskjer du program så tak kontakt med soknepresten i Ølen (926 55 651). Etter påske er det høve til å melde seg på turen for dei som bur i Etne eller i andre kyrkjelydar i Vindafjord. Les meir i Hyrdingen, nr 1 (februar 2014).



# Kvinneforeininga «Enig og tro» feira 100-årsjubileum

Av Arne Borgemyr

Det var den 14. januar 1914 at nokre unge jenter var samla i stova hos Gunnar T. Lunde for å starte ei foreining for Kinamisjonen. Dei var gripne av dei mange millionar menneske i Kina som ikkje hadde høyrt evangeliet. Då dei møtte motstand, lova dei kvarandre truskap og sa til kvarandre: «Enig og tro til Dovre faller». Slik vart namnet på foreininga til. Den 29. mars i 2014 inviterte dei ti medlemmane i denne foreininga til 100-årsjubileum med fest i Vågen bedehus og misjonsmøte dagen etter.



Hanna Strand var første leiari i «Enig og tro».

## Hanna Strand første leiari

I starten var det ei jente-foreining som vart skipa. Etter kvart vart medlemmane vaksne, og det vart to foreiningar med same namn. No samlast om lag 25 jenter kvar fjortande dag til jentelag på bedehuset, og dei vaksne i heimane. Den første leiaren i «Enig og tro» heitte Hanna Strand. Ho var bestemor til søskenparet Anny og Kåre Berge som begge var til stades på jubileumsfesten. Anny bar fram ei helsing og delte minne frå sitt møte med bestemor. Anne Lise Flatebø gav elles eit godt historisk tilbakeblikk.

## Gjester

Kristina Flatebø var ein av dei innbedde gjestene. Ho har sjølv vore medlem av «Enig og tro». Ho er utdanna kantor. Og gledde oss mellom anna med Festmarsj. Dessutan akkompagnerte ho til fellessongane.

Talar i helga var Birger Helland. Han er no forkynnar for NLM i regionen og har ei lang teneste bak seg i viktige stillingar i misjonen, mellom anna som forretningsførar. Han helsa og gratulerte på vegne av leiinga i NLM. Teksten hans laurdagskvelden var frå Rom. 1. Han la vekt på Paulus sine ord: Eg står i gjeld. – Ikkje ei gjeld i pengar, men ei forplikting om at folk måtte få høre evangeliet. Dette har og vore programmet for «Enig og tro»: Verda for Kristus.

Misjonsfesten vart avslutta med at tenoren Magne Kristoffersen framførte den mektige songen «Den hellige stad». Han hadde og fleire andre songinnslag i festen.

## Mat og drøs

Om lag 80 festpynta menn-eske i alle aldrar tok imot innbydinga. Og når det er fest, er det servering, gryterett, kaffi og kake. Det var herrar frå dei to mannsforeiningane, for anledninga i kvite skjorter og sløyfe, som serverte.

## Misjonsmøte søndag

Festhelga vart avslutta med misjonsmøte søndag kl. 11. Då deltok Bjørn Steinar og Rolf Hauge med duettsong og Birger Helland med tale.

Det vart ei verkeleg festhelg. I misjonsoffer kom det inn heile 12.800 kroner.



Om lag 80 menneske, store og små deltok på misjonsfesten.

## FRÅ KYRKJEBOKA

### VIKEDAL

#### Døpte:

01.01. Milla Aaker

02.03. Andrè Løhaugen

**Døde:** 19.02. Bernt J. Reimers f.1923

### IMSLAND

#### Døypte:

23.02. Nora Haugland

#### Døde:

27.01. Gisle Johan Svandal f.1924

01.03. Magnhild Olaug Rønnevik f.1916

### SANDEID

#### Døypte:

16.02. Isak Stava Helgevold

16.02. Iselin Stava Helgevold

16.02. Katinka Helgevold Hundseid

#### Døde:

24.01. Ruth Heggebø f.1931

16.02. Gudrun Stople f.1922

22.02. Astrid Karina Stensen Vestbø f.1930

25.02. Sikke Therese Helgeland f.1913

### SKJOLD

#### Døypte:

02.03. Odin Rørtveit

### VATS

#### Døpte:

26.01. Kaja Rørtveit

11.02. Cedrik Ebrahima Mballow

#### Vigde:

08.03. Hanne Kathrine Rakaas Hetland og Torgeir Sørhus.

### ØLEN

#### Døypte:

01.02 Julian Vetrhus Engenes

01.02 Håvard Søndenå

01.02 Elina Kambe Johansson

01.03 Ine Berge.

#### Vigde:

01.03 Monica Stangeland/Karl Otto Endresen

#### Døde:

01.02 Thea Kristine Bakke.

Ingen informasjon frå kyrkjeboka i Bjoa.

Velkommen til  
Lundeneset

## Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse. HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)

 Vi er en del av   Vi er en del av  



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



## BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



## Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap  
og mek. verksted  
TLF. 53 76 97 61  
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80


## Konfirmantleir på Eintveit

Konfirmanthelga var på Eintveit i Åkrafjorden 21. - 23. mars. Sokneprest Harald Eintveit kunne ynskja kvar og ein hjarteleg velkomen til heimegarden hans, til ein annleis leir der den særskilde naturen fekk omgje og prega dei både mentalt, åndeleg og praktisk. Dei 36 konfirmantane og ei stor leiargruppe overnattet på tre nabogardar og med fellessamlingar på Eintveit.



Frå venstre, fyrste rekke: Bjørg Ågård Djuvik (ein av leiarane), Thea Helgesen, Dina Kvinneland, Madelen Staurland, Marte Westerheim Søyland, Kristina Grimaas Bakkedal, Karoline Aarekol, Ingvild K. Langhelle, Hanna I. Mo, Kamilla Staurland, Mira Helgevold, Kamilla Hustveit, Lisa Marvik, Lena Haugland Rønnevik, Kine Aksdal Lindhjem og Runa Kvinneland. Andre rekke frå venstre: Runar Leite Frøland, Frederick Bakkedal Bjelland, Bård Adrian Staurland og Ole Andreas Apeland. Bakerste rekke frå venstre: Oliver Matre Hille, Håvard Rørtveit, Fredrik Henriksen Leite, Vegard Kambe, Johannes Cruys Magnus, William Veim, Thomas Hundseid Eikeland, Sindre Ræstad Selland, Sverre H. Hundseid, Johannes Staurland, Johannes Huseby Ihle, Vegard Torstenbø og John Ståle Sæle Kaldheim. Tre konfirmantar var ikkje tilstades då biletet vart teke.

## GRAVSTEIN



Se vår store  
utstilling, eller ring  
og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

## Skattkjær Skiferindustri as

Ørpelveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90  
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30  
Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.



## Sandeid 27. april

Ole Andreas Apeland  
Fredrich Bakkedal Bjelland  
Mira Helgevold  
Oliver Matre Hille  
Johannes Huseby Ihle  
Vegard Kambe  
Dina Kvinnesland  
Runa Kvinnesland  
Fredrik Henriksen Leite  
Marlén Rørtveit Rødne  
Håvard Rørtveit  
William Veim

## Vikedal 4. mai

Kristina Grimaas Bakkedal  
Thomas Hundseid Eikeland  
Daniel Roda Espenvoll  
Runar Leite Frøland  
Thea Helgesen  
Sverre Håland Hundseid  
Ingvild Katrine Langhelle  
Kine Aksdal Lindhjem  
Johannes Cruys Magnus  
Sindre Ræstad Selland  
Bård Adian Staurland  
Jan Sverre Staurland  
Marte Westerheim Søyland  
Vegard Torstenbø  
Maria Hallingstad Vikedal  
Karoline Aarekol

## Imsland 11. mai

Kamilla Hustveit  
Torjus Imsland  
John Ståle Sæle Kaldheim  
Lisa Marvik  
Hanna Imsland Mo  
Lena Haugland Rønnevik  
Kamilla Staurland  
Madelén Staurland  
Johannes Staurland

## Skjold 27. april

John Harold Amundsen  
Onar Ohm Børretzen  
Kristian Fagerland Frøyland  
Theodor Førland

Anette Grunnaleite  
Ingvald Hansen  
Joakim Hustvedt  
Andreas Nonslid Håvardsen  
Karoline Hustoft Nesheim  
Signy Nonslid  
Oda Marie Skjølingstad  
Brede Tangen  
Leif-Egil Nesheim  
Thomassen  
Camilla Vestre

Johan Lillemo  
Therese Lunde  
Brede Mannes  
Tove Steinsland  
Heidi Stople  
Håvard Stople  
Andreas Håvik Storvik  
Asbjørn Tronstad  
Ingrid Tvedt  
Erlend Podhorny Økland  
Kine Aarvik  
Tor Henning Bjordal  
Anbjørn Dyngeland  
Maria Kristin Garatun  
Thor-Andre Jensen Gjerdevik  
Sander Grønstad  
Aleksander Habbestad  
Roy William Haugland  
Herman Helgesen  
Siri Hundhammer  
Odin Klungland

Thomas Matre  
Kristine Hodnemyr Pedersen  
Marta-Luiise Poulsen  
Helene Landa Skaar  
Sara Rossebø Svanæs  
Sander Totlandsdal  
Linn Mari Hovland  
(anna kyrkje)  
Maren Opheim  
(anna kyrkje)

## Vats 4. mai

Sondre Aksland  
Ole Vegard Nordhus Døvik  
Linn Sunniva Strand Eikeland  
Cedrik E. Mballow  
Alvhild Nordtveit  
(konf. i Skjold)  
Simon Olsen  
Jessica Viana Rodrigues  
Sondre Selsaas  
Kristin Vestre Skree  
(konf. i Skjold)  
Monika Skrunes  
Mandius Stokland  
Martin Stokland  
Trine Stokkevåg Tollefsen  
Ida Louise Wollertsen  
(konf. i Skjold)

## Vikebygd 11. mai

Kristian Bjørnevik  
Ørjan Bruland Hansen  
Marita Koltveit  
Maren Olsen

## Ølen

**Lør 26.04 og søn 27.04**  
Andreas Berge  
Angelica Berge  
Kirsti Gravelsæter Berge  
Emil Vikse Eikesdal  
Per Johannes Formo  
Rikke Heggebø  
Sylfest Brændholen Ivesdal  
Kristin Heggebø Kambe  
Leif Martin Kvamen

## Bjoa kyrkje 4. mai

Christina Vik  
Ida Knutsen  
Isak Hävarstein Lothe  
Malene Åsbø  
Signe Naustdal  
Simon Svendsbø  
Solvor Vee Sandsgård  
Svein-Torgar Paulsen Oland



Eintveit: Konfirmantar studerer ivrig oppgåver langs naturstien.  
Frå venstre: Johannes Staurland, Thomas Hundseid, Johannes Cruys Magnus og John Ståle Sæle Kaldheim. Håvard Rørtveit løyer oppgåver på andre sida av vegen.



FREDHEIM ARENA, SANDNES

**Sett av 14. juni 2014**

**SAMMEN I BØNN OG TRO**  
- selv om fasaden slår sprekker

Samarbeidspartnere: NKSS - SØNDAGSSKOLEN - Kvinner i Nettverk - JesusKvinner



Påmelding til Mødre i Bønn:  
[www.momsinprayer.no](http://www.momsinprayer.no)

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudstenestesundag	Vikedal prestegjeld	Skjold prestegjeld	Ølen prestegjeld
<b>13. april</b> Palmesundag Joh 12,12-24	<b>Sandeid Fjellstøl kl. 12.00</b> Friluftsgudsteneste med tema "Ein for alle". Takkoffer:	<b>Vats kyrkje kl. 11.00</b> Nattverd Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid	<b>Ølen saman med Sandeid på Fjellstøl kl. 12.00</b>
<b>17. april</b> Skjærtorsdag Matt 26,30-35	<b>Vikedal kyrkje kl. 19.00</b> Nattverdsgudsteneste Takkoffer: Kirkens Bymisjon	<b>Skjold kyrkje kl. 19.00</b> Nattverdsgudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid	<b>Ølen kyrkje kl. 19.00</b> Nattverdsgudsteneste. Takkoffer: Indrem.-samskipn. Kveldsmat på Kyrkjelunet etter gudst.
<b>18. april</b> Langfredag Joh 18,1-19,42	<b>Imsland kyrkje kl. 11.00</b> Pasjonsgudsteneste Takkoffer: Blå Kors	<b>Vats kyrkje kl. 19.00</b> Pasjonsgudsteneste Takkoffer: Norsk Gideon	<b>Bjoa kyrkje kl. 19.30</b> Pasjonsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelyden
<b>20. april</b> Påskedag Luk 24,1-9	<b>Vikedal kyrkje kl. 11.00</b> Høgtidsgudsteneste. Dåp. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet <b>Imsland kyrkje kl. 19.30</b> Gudsteneste. Major Torbjørn Vang og Ingebjørg Fløgstad tek del. Nattverd. Takkoffer: Frelsesarméen. Kyrkjekaffi	<b>Skjold kyrkje kl. 11.00</b> Høgtidsgudsteneste. Nattverd Takkoffer: Misjonsprosjektet <b>Vikebygd kyrkje kl. 17</b> Høgtidsgudsteneste. Nattverd Takkoffer: Sjømannskyrkja	<b>Ølen kyrkje kl. 11.00</b> Høgtidsgudsteneste Dåp og nattverd. Takkoffer: Kyrkjelyden <b>Bjoa kl. 17.00</b> Høgtidsgudsteneste Nattverd. Takkoffer: Misjonsprosjekt
<b>23. april</b> Onsdag	<b>Sandeid kyrkje kl. 18.00</b> Samtalegudsteneste Festsamvere på Sandeid samfunnshus		
<b>25. april</b> Fredag		<b>Vats kyrkje kl. 18.00</b> Samtalegudsteneste	
<b>26. april</b> Lørdag			<b>Ølen kyrkje kl. 12.00</b> Konfirmasjon. Takkoffer: Misjonsprosjektet
<b>27. april</b> 2.s. i påsketida Joh 21,1-14	<b>Sandeid kyrkje kl. 11.00</b> Konfirmasjonsgudsteneste Takkoffer: Konfirmantarbeidet	<b>Skjold kyrkje kl. 11.00</b> Konfirmasjonsgudsteneste Takkoffer: Barne –og ungdoms arbeidet <b>Vikebygd kyrkje kl. 18.</b> Ungdomsgudsteneste. Takkoffer: Feedback	<b>Ølen kyrkje kl. 11.00</b> Konfirmasjon Takkoffer: Kyrkjelyden
<b>30. april</b> Onsdag	<b>Vikedal kl. 18.00</b> Samtalegudsteneste. Fest på Vikedal bygdehus		
<b>4. mai</b> 3.s i påsketida Joh 10,11-18	<b>Vikedal kyrkje kl. 11.00</b> Konfirmasjonsgudsteneste Takkoffer: Konfirmantarbeidet	<b>Vats kyrkje kl. 11.00</b> Konfirmasjonsgudsteneste Takkoffer: Misjonsprosjektet	<b>Bjoa kyrkje kl. 11.00</b> Konfirmasjon. Takkoffer: Ungdomsarbeid i kyrkjelyden
<b>7. mai</b> Onsdag	<b>Imsland kyrkje kl. 18.00</b> Samtalegudsteneste. Fest på Imsland bedehus		
<b>9. mai</b> Fredag			<b>Lundeneset kl. 20.30</b> Ungdomsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Ungdomsarbeid ved Lundeneset vgs.
<b>11. mai</b> 4.s i påsketida Joh 16,16-22	<b>Imsland kyrkje kl. 11.00</b> Konfirmasjonsgudsteneste Takkoffer: Konfirmantarbeidet	<b>Vikebygd kyrkje kl. 11.00</b> Konfirmasjonsgudsteneste Takkoffer: Kyrkjelydsarb. <b>Skjold kyrkje kl. 17.00</b> G-17 gudsteneste Nattverd. Takkoffer: G-17 arbeidet. Kveldsmat	
<b>17. mai</b> Grunnlovsdag Luk 1,50-53	<b>Sandeid kyrkje kl. 11.30</b> Takkoffer: Redd Barna <b>Imsland kyrkje kl. 11.00</b> Takkoffer: Redd Barna <b>Vikedal kyrkje kl. 13.00</b> Takkoffer: Redd Barna. Ordførar Ole Johan Vierdal tek del, samt Ola-gutane	<b>Vats kyrkje kl. 10.00</b> Takkoffer: Stefanusalliansen <b>Skjold kyrkje kl. 11.30</b> Takkoffer: Kyrkjelydsarb. <b>Vikebygd kyrkje kl. 10.</b> Takkoffer: Kirkens Bymisjon i Haugesund	<b>Bjoa kyrkje kl. 10.00</b> Takkoffer: Løn kyrkjelydspedagog. <b>Ølen kyrkje kl. 11.30</b> Takkoffer: Søndagskulekretsen
<b>18. mai</b> 5.s. i påsketida Joh 15,1-8	<b>Sandeid kyrkje kl. 11.00</b> Høgmesse. Nattverd Takkoffer: Kirkens Bymisjon	<b>Vats kyrkje kl. 11.00</b> Nattverd Takkoffer: Trusopplæring	<b>Ølen kyrkje kl. 11.00</b> Nattverd. Takkoffer: Misjons-Høgskolen. Soknemøte om strukturendringar etter gudst.
<b>25. mai</b> 6.s i påsketida Luk 18,1-8	<b>Vikedal kyrkje kl. 11.00</b> Høgmesse ved prost Norodd Stavenjord. Nattverd. Takkoffer: Menighetsfakultetet	<b>Skjold kyrkje kl. 17.00</b> G-17 gudsteneste Nattverd. Takkoffer: Indre Sjømannsmisjon	<b>Ølen kyrkje kl. 11.00</b> Dåp og nattverd. Takkoffer: Misjonsprosjektet.
<b>29. mai</b> Kristi himmelfartsdag Mark 16,19,20	<b>Imsland kyrkje kl. 12.00</b> Fam.messe for alle bygdene Nattverd. Takkoffer: NMS		
<b>1. juni</b> Søndag før pinse Joh 15,26-27	<b>Sandeid kl. 11.00</b> Kystkulturgudst. Takkoffer: Sjømannskyrkja	<b>Vats kyrkje kl. 11.00</b> Friluftsgudst. Refsnes Takkoffer: Global K/M speidere	<b>Bjoa kyrkje kl. 16.00</b> Blomstergudsteneste. Barnekoret. Takkoffer; Barnarbeid i kyrkjelyden.

*"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast" (Hebr. 10,25)*

# MØTER OG KUNNGJERINGER

## Kyrkjetunet i Ølen

08.05 kl. 11-13 Torsdagstreff

05.06 Torsdagstreff – Tur

Sjå elles [www.kyrkjetunet.no](http://www.kyrkjetunet.no)



## Vågen bedehus

Bønnemøte onsdagar kl. 19:30 når ikkje anna møte.

Søndag 13.04	kl. 19:30 Søndagsmøte
Søndag 20.04	1. påskedag.: kl. 16.00 Høgtidsmøte
Søndag 27.04.	kl. 19:30 Søndagsmøte v/ Samemisjonen
Søndag 04.05	kl. 16:00 Søndagskaffi, ev. tur
Lørdag 17.05	17.-maifest kl. 19. Tale: Trygve Sandvik, Skjold
Søndag 19.05	kl. 19:30 Søndagsmøte
Søndag 25.05	kl. 19:30 Møte
Søndag 01.06	kl. 11 Søndagsmøte
Søndag 08.06	kl. 11.00: 1. pinsedag. Høgtidsmøte
Søndag 15.06	kl. 19.30 Søndagsmøte
Søndag 22.06	kl. 19.30 Søndagsmøte

## Øvre Vats bedehus

09.04 kl. 19:30	Basar for Normisjon
23.04 kl. 19:30	Onsdagsmøte, Muslammisjonen
21.05 kl. 19:30	Onsdagsmøte, NMS

## Kårhus bedehus

26.04	Dugnad på bedehuset
30. 04 kl. 19:00	Basar, Krakk og Nesheim kv.-foreining, Normisjon Andakt: Liv Eidhammer Mangerud. Song /Vats Miniklang
03.05	Dugnad på bedehuset
14.05	Samemisjonen, onsdagsmøte

## VATS pensjonistforeining

29.04:	Møte i kjellerstova på Vindafjordhallen. Me feirar at det er 25 år sidan laget starta. Då kåserer ordførar Ole Johan Vierdal. God mat og åresal.
22.05:	Dagstur til Finnøy. Meld deg på til Olav Øverland.
26.08:	Oppstart etter ferien

## Vindafjordtunet - Eldretreff

Palmesøndag, 13.04, kl. 15:30.

Arr.: Nedre Vats Helselag

## Møteplan Kyrkja og bedehusa i Skjold

10.04 kl. 16:45 Barnekor i kyrkja

10.04 kl. 18:30 HUSFREDEN-basaren på Isvik bedehus.  
Andakt v/Kjersti Bjerga.

10.04	Ersland. Bønnemøte
17.04 kl. 19:00	Skjærtorsdag. Gudsteneste i kyrkja
20.04 kl. 11:00	1. påskedag. Gudsteneste i kyrkja
22.04	Austrheim. Møte Israelsmisjonen
23.04 kl. 10:30	Kyrkja. Tripp-Trapp
24.04 kl. 16:45	Kyrkja. Barnekor
24.04.	Ersland. Bønnemøte
26.04 kl. 15:30	Lørdagsprell
27.04 kl. 11:00	Gudsteneste. Konfirmasjon
29.04	Isvik. Kr. Muslammisjon
06.05	Ersland. Møte Indre Sjømannsmisjon
08.05 kl. 16:45	Kyrkja. Barnakor
11.05 kl. 17:00	Gudsteneste G17. Sundagsskule
13.05	Austrheim. Møte Flymisjonen
17:05 kl. 11:30	Familiegudsteneste
20.05	Isvik. Møte NLM
21.05 kl 10:30	Kyrkja. Tripp-Trapp
22.05 kl. 16:45	Kyrkja. Barnakor
24.05 kl. 12:00	Bedehusbasar
25.05 kl. 17:00	Gudsteneste G17. Sundagsskule
27.05	Ersland. Møte Samemisjonen
08.06 kl. 11:00	Gudsteneste 1. pinsedag
22.06 kl. 11:00	Gudsteneste
23.06	Austrheim. St. Hansfeiring

## Skjold kyrkje Barnekonsert


Torsdag 24. april kl. 17.30 har Skjold og Vats barnekor fått med seg songaren, musikaren, gjøglaren og forkynnaren Tore Thomassen i ein barnekonsert. Glad barnekormusikk ispedd humor kombinert med alvor. Gratis for born medan dei vaksne må ut med ein liten slant.

## Vikebygd bedehus

10.04	Møte ved Gideon. Songarar frå Karmøy
	Tripp-Trapp
12.04	Laurdagsklubben
27.04	Laurdagsklubben – Ung messe i kyrkja

## Innbjoa bedehus

BARNEKORET	4 år og oppover
kl. 17-18:	09.04, 23.04, 07.05, 21.05
MINI-CREDO	2.-3. klasse kl. 17.30-19: 29.04, 13.05, 27.05
CREDO	4.-7. klasse kl. 17.30-19 på skulen: 11.04, 25.04, 09.05, 23.05
THEMELIA	kl. 17.30 på skulen: 11.04, 25.04, 09.05, 23.05
23.04. kl. 18:15	Bønnemøte
30.04. kl. 19:30	Bedehusbasar
07.05. kl. 18:15	Bønnemøte
14.05. kl. 19:30	Onsdagsmøte
21.05. kl. 18:15	Bønnemøte
28.05. kl. 19:30	Songmøte m/Tor Magnar Sjo – Sonja



Bladpenger og støtte til Hyrdingen, bruk konto: 3201.53.18049

# Dåpsskulen

Av Kjersti H. Bjerga

Her er bilete av dei 3 flotte 1.klassingane som har delteke på dåpsskulen i Vikebygd nå i vinter. Dei har gjennomført med fin innsats og godt humør! Dåpsskulen har hatt 4 samlingar der ulike kyrkjeskattar, bibelskattar og songskattar har hatt fokus. På gudstenesta søndag 16. mars var dei med å prega samlinga. Dei song, og fekk utdelt bok og diplom for vel gjennomført dåpsskule.

Dåpsskulen i Vikebygd er eit resultat av velvilje hjå folk og næringsliv i Vindafjord. Alle sokna har nå fast dåpsskule for 1.klassingar som vil og kan. Det er del av dei innsamla midlane til trusopplæringstiltak som har gjort dette mogleg. I år har det vore 5 tilsette (kateket, deltidstilsette og timetilsette) som har leia dåpsskulen i dei ulike bygdene. Det har vore eit godt oppmøte alle stader, så det kan peika på at det er noko folk vil ha.



*Ferdig på dåpsskulen i Vikebygd:*

Marita Dommersnes Vågen, Hanna Frøvik Svendsbøe og Annelen Bakkevik.

## Ei familiegudsteneste innehold så mangt

Av: Gunnar Listog

Ein familiegudsteneste kan femna om så mangt, til glede for borna som har kome og til hugnad og ettertanke for mange vaksne. Ein familiegudsteneste er for heile familien.

Her er salmesong, bibellesing og preik, dåp og nattverd. Men ofte er det òg andre innslag som krydrar samværet. På familiegudstenesta i Skjold kyrkje 16. mars var det flott å høyra dei fine barnestemnene i Skjold barnekor, og det var kjekt å sjå så mange førsteklassingar.

### Dåpsskule

Ei ekstra høgtid var det då 20 førsteklassingar fekk overlevert både bok og diplom for vel gjennomført dåpsskule. Dette er andre året for dåpsskulen i Skjold. I løpet av fire samvær skal dei bli betre kjende med Bibelen, kyrkja og dei skal ha det kjekt. Eit fast innslag har vore å opna skattekista. Prest Jon Ådnøy har hatt med seg Liv E. Mangrud, Ingrid B. Hystad og Else Gurine Stople i dette arbeidet. Eit flott friviljug arbeid av tre engasjerte mødre.



*Frå årsmøtet. Soknerådsleiar Ottar Krakk les årsmeldinga.*

### Årsmøte

Etter ei pause med lapskaus og ein kaffidrope, samlast ein del av kyrkjegjengarane seg til det vanlege årsmøtet. Årsmeldinga synleggjer ein aktiv kyrkjelyd med gode tiltak for menneske i dei fleste livsfasane. Og som alltid engasjerer både gravplassituasjonen, vedlikehald av kyr-

kja og statistikk og økonomi forsamlinga. Men det ligg og forventning til innføring av den nye salmeboka, og engasjement når prøveordning om nye soknegrenser vert nemnde.

Opplysning om at Vindafjord no var tildekt 631.000 statlege kroner i trusopplæringsmidlar, skapte glede og forventning.